

From: Synnøve Maråk <smaraak@me.com>
Sent: 4. april 2016 20:05
To: NVE
Subject: Fråsegn vedk. Søknad om løyve til å byggje fire småkraftverk og nettanlegg i Stranda kommune i Møre og Romsdal - ref 200803356-16

Uttale vedk. søknad om utbygging av Storfossen minikraftverk i Stranda kommune

Vi vil vise til byggemeldinga av Fossevandringstien i Geiranger, datert 11.11.09, der arktitektkontoret Sandbakk og Pettersen viser til eit samla prosjekt som også omfattar rehabilitering av røyrgate og kraftverksbygning tilhøyrande det gamle kraftverket på Gjørva. Fossevandringa og rehabiliteringa av kraftverket var tenkt som ein pakke, der nye og gamle kraftverksinstallasjonar skulle inngå i eit "opplevingssenter" rundt Storfossen. Vi ser det som eit svært interessant og attraktivt tilskot til reiselivet i bygda om dei besøkjande kan oppleve ei slik grøn utnytting av fossen. I møte med besøkjande til bygda opplever vi ofte å få spørsmål om korleis vassenergien vert utnytta lokalt, og vi trur difor at dette vil bli ei positiv oppleving for mange.

Geirangerbygda opplever frå tid til anna å misse straumtilførselen på vinterstid. Får vi til ei småskala utbygging av Storfossen, vil dette, saman med dieselaggregatet som no er plassert ved omsorgssenteret i bygda, kunne gje reservestraum i krisesituasjonar. Vi vil unngå lange periodar heilt utan straum.

Som fallrettseigarar på dei tre bruka som er grunneigarar til fossen, vil vi også peike på at ei ekstra inntekt herifrå i framtida vil kunne bidra positivt til å halde dei tre gardane ved like og gjere det meir attraktivt å bu på eigedomane. Vi imøteser eit positivt svar på søknaden om utbygging av minikraftverk ved Storfossen.

Med helsing

Svein Gjørva
Lars Olav Vinje
Synnøve Maråk